



## Notat

Dato: 02.10.2015  
Arkivsak: 2014/1141-10  
Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen

---

Til: Anne-Kathrine Vabø

---

Frå: Kjetil Sigvaldsen

---

### Innspel frå Samferdselsavdelinga - Plan 368, Askøyarkparken - Askøy kommune

Halvparten av klimagassutsleppa i Hordaland kjem frå transport, når olje- og gassverksemda ikkje er medrekna. Fylket står framfor ein vekst i folketal på 150 000 innbyggjarar mot 2040, med tilhøyrande kraftig trafikkvekst. Trafikkveksten skal takast kollektivt og gjennom sykkel og gange. For å nå målet om 30 % reduksjon av klimagassutsleppa innan 2030, må i tillegg ein stor del av køyretøya over på fornybart drivstoff. Utbyggingsmønsteret er førande for transportbehovet. Langsiktig arbeid for å redusere transportbehovet internt i ulike sentrum og mellom sentra i fylket er nødvendig for å redusere trafikkveksten.

Ut frå både eit folkehelse- og trafikktryggleiksomsyn er det viktig at kommunen satsar på utbygging av gang- og sykkelvegar. Målpunkt for barn og unge skal kunne nåast med sykkel. Eit sentralt mål for Askøy kommune må vere at fleire vel sykkel, gange og kollektivt framkomstmiddel framfor personbil. Det er heilt sentralt at mjuke trafikantar prioriterast høgt i planarbeidet framover. Med stadig auke i personbiltrafikk på Askøy er det fleire stader særslig utfordrande og til dels farleg å vere mjuk trafikant.

Alt arbeid i samband med fylkesvegen, til dømes avkjøringar, skal følgje Statens vegvesen sine vognormar. Det er viktig at Askøy kommune er i tett dialog med Statens vegvesen for å syte for at trafikktryggleik og mjuke trafikantar vert ivaretatt.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for den offentlege kollektivtransporten i heile fylket. Det er viktig at busstopp ved Kleppe skule langs fylkesveg 216, som er eit målpunkt for barn og unge, blir ivaretatt ved ny løysning. Samferdselsavdelinga legg til grunn at det må vere trafikksikker tilgang til haldeplassar ved fylkesvegen.

Samferdselsavdelinga tar etterhald om at me ønskjer å uttale oss seinare i planprosessen.

